



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Kyrkjebø, 15.02.25

Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd.

Møtedato: 13.02.2025

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Ole Ivar Luggenes, Jofrid Nordstrand Forthun, Arvid Solås.

Forfall: Sjur Håvard Øygard, Jens Ole Årdal og Andreas Ester,

Kopi av protokollen går til:

Medlemene i KSR, postmottak v. Høyanger kommune og kyrkjeverja.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Ingen merknadar til innkalling og sakliste. Det var ønskt at vi skulle ta vedtakssakene før meldingssakene, noko som alle var samd i.

Godkjenning av referat frå møte 23.01.2025.

Ingen merknadar.

Sidan sist.

-Det vart tatt ein runde rundt bordet. Der vart gudstenesta den 9.2.2025 kommentert som ei veldig fin gudsteneste med Dåp av konfirmant. Det vart spesielt nevnt dette med kor fint det var at det var andre konfirmantar samt vener av dåpsbarnet som deltok i sjølve dåpshandlinga.

-Kari Henny og Jofrid har vore på møte inne på kyrkjekontoret angående den festen som skal være den 27.02.2025 som er ei markering og takk for all den innsatsen dei frivillige har lagt ned det siste året.

Post lista.

Leiaren gjekk gjennom postlista.

-Der har det blant anna kome faktura frå smeden for sandblåsing og anna arbeid som er utført på kyrkjeportane. Kyrkjeportane er i skrivande stund heime hos Jens Ole for måling. Dette blir gjort på dugnadsbasis.

-Det var og kome eit skriv til leiaren om eit Alpha kurs. Dette er eit introduksjonskurs til kristen tru.

- Det var og kome ei henvending frå mållaget. Den nynorske salmeboka er 100 år i år. Det er då ønskeleg å få til eit arrangement kring dette i lag med mållaget t d ein Nynorsk salmekveld.

Vedtaksaker.

Sak 004/25:

Uttale i høve høyring om retningslinjer for tilskotsordninga i DnK

Det er no foreslått ei meir aktivitetsbasert tildeling av midlar. Dette inneber at sokna i større grad må planlegge aktivitetar som vi vil gjennomføre i løpet av året. Det skal også visast til kva dei utdelte midlane vert brukt til.

Leiaren gjekk gjennom eit svar ark han hadde sendt medlemene før møtet.

Vedtak:

Uttala vert sendt fellesrådet i tråd med drøftingane i dette møtet.

Uttala vert lagt ved protokollen.

Meldingssaker.

25008;

Vadheim Bedehuskapell.

-Styret i Vadheim Bedehuskapell hadde årsmøte den 11.02.2025, der blant anna vidare bruk av huset vart drøfta. Det er ikkje kome referat enno.

-Soknerådet vart gjort kjend med at biskopen no arbeider med ny gudstenesteforordning.

25007;

Alpha kurs.

Det vart drøfta i soknerådet om eit slikt kurs kunne være noko for Kyrkjebø. Eit Alpha kurs er eit innleiingskurs i kristen tru, og lagt opp med samlingar over fleire kveldar.

Fleire i soknerådet er usikre på om dette er vegen å gå.

Ein annan innfallsvinkel er om vi kan ta opp ein del av desse temane ved kyrkjekaffien etter ei gudsteneste. Dette er ei «mjukare» tilnærming.

Dette med tru vert for mange oppfatta som veldig privat og det er ikkje noko ein diskuterer ope om. Samtidig er det viktig at det blir lagt til rette for eit slikt forum i soknet, noko som det ikkje er pr i dag.

25006;

Årshjulet 2025

- Det vert Tårnagent helg den andre helga i mars.

- Kaffigudsteneste i Vadheim 23.02. vert etterfylgd av årsmøte for soknet.

- Salmepuben er det usikkert kring når den blir eller om den blir.

Her på Kyrkjebø er det ikkje den store pubkulturen som det er andre stadar, t.d i Bergen der denne ideen er henta frå.

- Barnekorkonserten som vart drøfta på førre møte vert det ikkje noko av.

Då dette koret er eit prosjektkor som ikkje har noko faste øvingar.

- Salmekveld i lag med mållaget kan vere aktuelt å få til.

- Er det mogeleg å få til ein konsert med Kulturskulen før sommarferien?
- Innslag til Opa Kyrkje vart og drøfta. Her må ein få tak i fleire namn.

Ymse:

- Kvamsøy kyrkje er 750 år, og dette skal markerast 8. juni.
- Logistikken kring gudstenestene i Vadheim, Kyrkjebø og Høyanger på dagar som julaftan og 17. mai kan vere krevande for dei tilsette. Det er heller så som så med oppmøte på desse gudstensetene. Dette temaet vert eit av fleire som er aktuelle å ta opp på ei felles soknerådsmøte for Høyanger og Kyrkjebø i mars.
- Avslutningsvis tok komiteen for medarbeidarfesten den 27. februar opp status for kva som er gjort og kva som står att før festen. Det er kome opp plakatar, lagt ut Facebook-arrangement, og det er tinga mat. Det blir sendt ut SMS med invitasjon. Dette tek Kari H og Sturla seg av.

Referent
Ole Ivar Luggenes
soknerådsmedlem